

MENIGHETS

bladet

03 - 2021



KLEPP

FØYLAND OG ORSTAD

ORRE

BORE

HAN GJEV DEN TRØYTTE
KRAFT, OG DEN SOM IKKJE
HAR KREFTER, GJEV HAN
STOR STYRKE.

JESAJA 40:29



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Ingunn D. Aandal - kontaktperson
Astrid Voll
Ståle Ravndal

Layout-ansvarlig:

Linda Aanestad Haugland

Trykk:

Olsson as

Forsidebilde:

Pixabay.com

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Utgivelser i 2021/2022

Nr. Stoff-frist Utgivelse

2021:

4. 26.10 18.11

2022:

1.	01.02	24.02
2.	26.04	19.05
3.	30.08	22.09
4.	25.10	17.11

Med forbehold om ledig plass.

Stoff-fristen må overhaldas!

KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4350 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55

Kontortider:

Måndag til torsdag: 09.00 - 14.00

Fredag: 09.00 - 12.00

Elles etter avtale

Tilsette kyrkjekontoret:

Kyrkjeverge, Inger Kari Søyland	404 06 014
Sekretær, Kari Haavardsholm	992 66 752
Sekretær, Ingunn D Aandal	924 19 934
Diakon, Ingelin Hatteland Norbakken (for alle sokna)	481 90 318

Klepp sokn:

Sokneprest, Just Salvesen	410 04 692
Dagleg leiar, Hilde N Djønne	481 25 450
Kantor, Ola Sotnak	919 24 158
Menighetspedagog, Liv Heidi Lie-Bjelland	948 02 264
Trusopplærar, Andrea Bjørkavoll-Bergseth	414 53 395
Trusopplærar, Anette Dagfinrud Thorset	919 21 631
Teknisk konsulent, Tore Myrstad	480 03 118
Kyrkjetenar, Ketil Terning	900 35 471

Orre sokn:

Sokneprest, Jarle Minnesjord	970 66 145
Dagleg leiar, Anna Bergitte Skårland	990 26 276
Menighetspedagog, Erik Gjerdahl	401 78 345

BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Bjørkestubben 4, 4351 Kleppe

Sokneprest, Ivan Fjeld	948 69 841
Dagleg leiar, Elin Anita Garpestad	951 44 099
Organist, Ove Byberg	926 67 300
Organist, Elin Underhaug Kanu	909 45 278
Menighetspedagog, Solfrid V Skalvik	934 95 349
Trusopplærar, Jarle Stokka	992 24 654

Forbønstenesta i Bore: Andrine K. Homme 909 76 477

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4353 Klepp stasjon
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland

Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Musikalsk leiar / trusopplærar	
Inger Lende Sandve	918 40 797
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik	928 56 689
Ungdomspastor, Elisa Omdal	454 60 727
Barnepastor, Marta Nordbø	470 79 915

Troens skjold!

En prest er heldig som møter mange ulike aldersgrupper. Hver høst inviterer vi inn mange spente barn som skal begynn på skolen. Et nytt kapittel skrives og blas om for dem. Når er de ikke lengre eldst i barnehagen, de er yngst på skolen. Her er det mange spennende følelser i sving legger jeg merke til. Når mange av disse barna kommer på skolestartgudstjenesten før skolestart ser jeg mange spente fjes. Bakgrunn for at vi ønsker å ta barna med i kirken på viktige overganger i livet er å vise at Gud bryr seg om oss, for å låne farmen presten Thor Haavik sine gode ord: «*Du er trygg, du er elsket og du er viktig!*» På skolestartgudstjenesten fikk jeg låne en voksen ganske autentisk romersk rustning. Den kunne virke litt skummel, men poenget er slik Paulus skriver til menigheten i Efesos i kapittel 6.

Ta på Guds fulle rustning!

En av rustningens viktige elementer er skjoldet. I den gamle 1930 bibeloversettelsen står det: «*grip foruten alt dette troens skjold, hvormed I skal kunne slukke alle den ondes brennende piler,*» Her er det noe å holde oppe både for spente skolebarn og alle aldre. Fremfor alt grip troens skjold! Her kan vi holde opp ordene: «*Du er trygg, elsket og viktig*» som en hilsen fra Gud i alle livets utfordringer!

Jarle Minnesjord
Sokneprest Orre



Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Diakon, Ingelin Hatteland Norbakken	481 90 318
Sokneprest, Just Salvesen (Klepp)	410 04 692
Sokneprest, Ivan Fjeld (Bore)	948 69 841
Sokneprest, Jarle Minnesjord (Orre)	970 66 145
Sokneprest, Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad)	489 97 108

Nytt fra kirkeverge

Denne gangen kan jeg presentere fem nye medarbeidere innenfor Klepp fellesråd sitt arbeidsområde.

Bore sokn:

Ida Kristine Slettbakk er ansatt som kirketjener i 10 % stilling. Hun overtar etter Liva Lindtveit.

Klepp sokn:

Etter at Leif Inge Norland Brekke sluttet som barne- og familieprest, har det blitt gjort litt om på fordeling av arbeidsoppgaver innad i staben. Det er ansatt to nye medarbeidere; Anette Dagfinrud Thorset i 70 % stilling som trosopplærer og Tore Myrstad i 25 % stilling som teknisk rådgiver.

Johannes Braut har sagt opp jobben som vikar for kirketjener i Klepp. Ny person er Valdemar Jørgensen. Han skal først og fremst være vikar under gudstjenester i Klepp kyrkje, men på sikt håper vi han også kanvikariere under kirkelige handlinger i de andre kirkene.

Frøyland og Orstad sokn:

Marta Nisja er ansatt som barne- og familiepastor. Hun overtar etter Martha Nordbø.

Ansatte er en viktig ressurs for arbeidet i menighetene, og vi er takknemlige for den innsatsen som er gjort av de som nå avslutter sitt engasjement hos oss. Samtidig ønsker vi de nye hjertelig velkomne inn i fellesskapet!

Inger Kari Søyland
Kirkeverge i Klepp

Nytilsatte i Klepp-staben

Anette Dagfinrud Thorset - trosopplærer

Jeg heter Anette Dagfinrud Thorset og har fått jobb som trosopplærer i Klepp menighet - en meningsfylt og spennende jobb! Har tidligere jobbet som lærer - og nå som menighetspedagog, i Stavanger. I vår flyttet jeg - sammen med min mann og våre to barn på ett og tre år, til Verdalen.

Jeg gleder meg masse til å få møte både barn og ungdom i Klepp til høsten!

Tore Myrstad - teknisk konsulent

Jeg heter Tore Myrstad og kommer fra og bor på Klepp. Jeg har fått en spennende stilling i Klepp kyrkjelyd som teknisk konsulent. Jeg skal hjelpe til å bygge opp et teknisk miljø i menigheten. Dette gjelder både live-lyd, video og streaming. Jeg gleder meg veldig til å starte med denne oppgaven.


Valdemar Jørgensen - kirketjener

Jeg heter Valdemar Jørgensen og kommer opprinnelig fra Danmark. Jeg skal jobbe som kirketjener når Ketil Terning har sine frihelger. I tillegg til gudsjenester så blir det kirketjenertjeneste i begravelser og vielser ved behov. Jeg er utdannet murer og selverklært handyman. Har vært aktiv i Klepp stasjon kyrkjelyd.

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til Klepp kyrkjelyd!



Under Lupa



Salmeboka som det blir sunge frå i kyrkjer over heile landet fleire gonger kvar einaste veke, er den rauda Norsk salmebok. Dette er kyrkja si offisielle salmebok, sjølv om det ofte blir henta songar frå andre stader. Før denne salmeboka, var det ei grøn eller raud bok, alt etter kva målform som vart nytta. Og så vil mange kjenne Landstads reviderte salmebok, som vart nytta i eit par mannsaldrar. Men salmebokhistoria skriv seg sjølvsagt lengre attende i tid.

Den første danske salmeboka vart utgjeven allereie i 1528 i Malmö – Skåne var jo ein del av Danmark-Noreg på den tida. Innholdet vart først og fremst salmar som var omsette frå tysk. Dette var ein del av reformasjonsarbeidet, som vart leia av Claus Mortensen. Salmeboka vart kom etter kvart i nye og utvida utgåver.

I 1544 utgav Hans Tausen ei forbetra og utvida utgåve av «Den danske Psalmebog», som òg tok opp i seg Malmö-salmeboka. Denne vart òg utgjeven i fleire opplag med utvidingar.

Hans Thomissøn kom med den første salmeboka med melodilinjer. Med denne salmeboka ville Thomissøn «rydde» i kaoset i dansk salmesong etter reformasjonen. Kong Frederik II bestemte at Thomissøns salmebok skulle brukast over alt, i alle kyrkjer og alle skular. Dette vart altså den første offisielle salmeboka. Og denne boka vart revidert fleire gonger.

I 1683 gav kong Christian V Fyns biskop Thomas Kingo oppdrag å lage ei ny salmebok. Kingo var ein respektert salmediktar, og skulle difor skrive nye salmar som kunne supplere dei som allereie var i bruk i kyrkja. Tekstane skulle tilpassast dei vanlegaste kyrkjemelodiene. I 1689 kom fyrste del, og først i 1699 kom andre del. Salmeboka var organisert etter kyrjeåret, slik at det til kvar sundag stod oppført kva salmar som kunne syngjast.

Kong Christian VI tok initiativ til at det skulle utarbeidast ei ny salmebok som tok opp i seg Kingo. I 1736 fekk hoffprest Erik Pontoppidan oppdraget. Nye salmediktarar vart tekne

Salmeboka

av Ola Sotnakk

inn. Denne fekk tilnamnet Slottssalmeboka; ho vart innført ved dei kongelege og andre slott, og andre som ville nyte henne i gudstenesta møtte søkje styresmaktene.

I 1777 sette statsminister Guldberg og biskop i København Ludvig Harboe i gang eit arbeid med å lage ei ny salmebok. Dette var eit slags moderniseringsprosjekt, der målet var å få vekk mykje av det som var gammalt og av dårlig kvalitet, og inn med nye og betre salmar. Guldbergs salmebok vart innført ved hoffet i 1781 og i byane i 1783. På landet vart Kingo brukt framleis.

Allereie i 1799 vart Guldbergs salmebok avløyst av Evangelisk-kristelig salmbeok. Men i byane i Noreg vart Guldberg brukt heilt til Landstads salmebok kom.

I Noreg vart altså Kingo mykje brukt på bygdene. Johan Sebastian Welhaven tok til order for at det burde lagast eit salmeverk for den norske kyrkja. Wexels kom derimot med fleire salmesamlingar frå 1840 under tittelen «Christelige Psalmer». Og dette vart samla til ei salmebok i 1849. Denne vart ikkje offisielt teken i bruk. Landstad var den som fekk oppdraget med å lage ei salmebok til Den norske kyrkja, men dette arbeidet tok lang tid, og først autorisert i 1869. I 1870 kunne salmeboka takast i bruk.

Andreas Hauge, son av Hans Nielsen Hauge, starta sitt eige salmebokarbeid i 1857. Han ville revidere Guldberg, men bestemte seg for heller å lage ei ny salmebok. Denne vart autorisert til bruk i 1873. Dette første til at kyrkjelydane kunne velje mellom to salmebøker.

Elias Blix sine salmar vart etter kvart utgjevne som tillegg til Landstads salmebok. Dette førte til eit behov for revisjon, og i 1908 gav Kyrkjedepartementet oppdraget til Gustav Jensen. Landstads reviderte salmebok vart autorisert til bruk i 1920. Som fylgle av at under ein fjerdepart av salmane i Landstads reviderte var i nynorsk språkdrakt, vart arbeidet med ei nynorsk salmebok sett i gang. Denne salmeboka, Nynorsk salmebok, vart autorisert til bruk i 1925. Igjen hadde kyrkjelydane to salmebøker å velje mellom.

Då ein byrja med radiosendte gudstenester, såg ein at det kunne vere fordelaktig å ha ei felles salmebok for Den norske kyrkja. Salmeboknemnda vart nedsett i 1954. Først i 1985 vart den nye salmeboka teken i bruk.

No er denne igjen erstatta av salmeboka som kom i 2013.

Kleppkyrkja er i år 175 år gammal. I 1846 stod ho ny. Sokneprest Holfeldt gav kyrkjelyden ei salmebok i gåve til innviinga. Dette er Kingos salmebok, og me kan difor vere ganske sikre på kva salmar som vart sungne i kleppkyrkja på denne tida!

sjø manns kirken

FAKTABOKS

Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet

- Selvstendig og frivillig organisasjon for nordmenn i utlandet
- Gir omsorg, trygghet og fellesskap til nordmenn i utlandet
- 28 kirker over hele verden
- Mer enn 20 omreisende medarbeidere med hele verden som nedslagsfelt
- Er til for alle nordmenn
 - uansett livssyn og bakgrunn





Foto: Mette Brandt
Tekst: Inge Mørland

Diakoni og pandemi

Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske, mener Hanne Marie Engdal som jobber som diakon ved Sjømannskirken på Gran Canaria.

Å være diakon under en pandemi har endret arbeidshverdagen til Hanne Marie Engdal.

- Men enten jeg møter én eller ti, er det jo selve møtet som er viktig. Jeg får bedre tid til å være sammen med dem som trenger støtte og hjelp. Det oppleves veldig godt oppi alt.

Diakon og diakoni er fortsatt fremmedord for mange?

- Diakoni defineres ofte som kirkens omsorgstjeneste. Det handler om å møte alle mennesker der de er i livet, med neste kjærlighet, respekt og likeverd.

Så diakoni handler ikke om at de sterke skal hjelpe de svake?

- Nei. Det er en feiltolkning å tenke at jeg som diakon alltid er den sterke og tøffe som takler alt. Noen ganger trenger vi alle råd og veiledning, andre ganger trenger noen av oss mat, klær, en klem eller hjelp til å prøve å få livet inn på et godt spor.

UTFORDRENDE SOSIALSAKER.

Før Hanne Marie Engdal flyttet til Gran Canaria i fjor, jobbet hun 15 år som diakon i Norge.

Er det stor forskjell på være diakon i Spania sammenlignet med Norge?

- Ja, egentlig. I Norge er det et helt opplegg for alle eventualiteter av det mennesker sliter med. Det finnes selvagt et spansk helsevesen her, men ting blir ofte mye mer komplisert når man er i utlandet, med andre regler og ulike rettigheter. Språkbarriieren er også et hinder for mange til å kunne nyttiggjøre seg av de lokale hjelpe tiltakene.

Er det noe som er likt?

- Folk trenger jo den samme omsorgen uansett hvor de er i verden. Det folk sliter med hjemme, sliter folk med her også. Det er sorg, rus, ensomhet, sykdom og utenforskap.

Hvilke saker er mest krevende?

- Vi blir involvert i mange såkalte sosialsaker som er utfordrende. De tyngste og mest komplekse sakene har sammenheng med rus, psykiatri og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i et fremmed land, gjør spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Norge også, men her har de ofte ikke noe nettverk, bortsett fra Sjømannskirken. Det er tøft, sier hun og legger til at Sjømannskirken har kompetanse på å møte mennesker i vanskelige livssituasjoner, i sjelesorg og sorgarbeid. I tillegg til et godt samarbeid med andre hjelpeinstanser.

HJEMLØSE NORDMENN.

Hender det at du må ut og lete etter nordmenn?

- Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektere menneskets frie vilje. Jeg møter nordmenn som har valgt å leve som hjemløse her. Noen av dem har vokst opp med rus og overgrep, og mangelen på at noen har tatt tak i livene deres

som små. Deres handlingsmønstre og referanserammer for hva som er et bra liv er så veldig annerledes enn mitt. Det kan tilsynelatende virke enkelt å være uteligger her. De slipper å fryse og de mottar mat fra ulike steder. Hvem er jeg da som skal si at de ikke kan leve det livet de lever? Men det er klart at når de mister bankkortet, når trygden ikke kommer, eller når de blir syke, da blir det fryktelig komplisert å være hjemløs og norsk på Gran Canaria.

Hva gjør du da?

- Jeg prøver å sette dem i stand til å ikke bare være hjelpetrengende, men å handle selv. Til å ta ansvar og myndighet over eget liv. Ofte skulle jeg ønske at jeg kunne ta valgene for dem, sette dem på et fly og få dem inn i et system hjemme i Norge. Men jeg kan ikke frata voksne mennesker de valgmulighetene de har. Så sant de ikke er så dårlige at de er ute av stand til å ta det valget selv. Jeg prøver å være sammen med dem og støtte dem i en vanskelig situasjon.

VÆR ET MEDMENNESKE.

Hva er ditt beste tips til hvordan vi kan leve litt mer, hva skal jeg si, diakonalt i hverdagen?

- Ikke sett deg selv i sentrum og prøv å se ting ut fra perspektivet til det mennesket du treffer.

Det er kanskje lettere sagt enn gjort?

- Nei da. Vi må ikke gjøre det så innviklet å være et medmenneske. Forskning viser at noe av det viktigste for oss mennesker er å bli sett og hørt. Ingen av oss er perfekte, vi har alle våre feil og mangler, men vi kan likevel være der for hverandre og skape gode fellesskap. Du kan jo sjeldent gjøre noe galt hvis du gir noen et smil, en klapp på skulderen eller ringer og spør «Hvordan har du det?»

Reportasjen er en forkortet versjon av en reportasje som stod i Sjømannskirkens magasin HJEM nr. 1/21

KONF-HAPP!

på Jærgårds!

Foto: Arneson Photography and Design

Fredag 20. august braket det løs med en energisk konsert i Kleppeloen for 540 konfirmanter og 80 konfirmantledere fra nesten 20 forskjellige konfirmantgrupper.

Klepp-konfirmantene var solid representert på det som ble en herlig kveld med sol fra blå himmel.



God stemning på konf.happening.

OPENING

LZ7 fra England gav alt da de spilte og fortalte konfirmantene tydelig og friskt om sitt forhold til Gud.

Etterpå arrangerte Laget «Grill en kristen», der mange utfordrende spørsmål om kristendom ble besvart.

Jærgårds hadde også et lite forbønnstelt som ble mye besøkt.

Til slutt holdt Vetle Jarandsen en flott lovsangskonsert med klart og tydelig Jesus-fokus.

Det ble en fantastisk sensommerkveld med mange inntrykk; imponerende ungdom, mye lyd, flott vær, god stemning, store mengder pizza og tydelig budskap om en god Gud som engasjerer seg.

Tusen takk til Jærgårds for en flott opplevelse!

Liv Heidi Lie-Bjelland



Bandet LZ7 spiller til entusiastisk publikum.



Vetle Jarandsen spiller og synger på lovsangskonsert.



LZ7 inviterte med seg konfirmanter på scenen.

Kyrkjejubileum

Klepp kyrkje 175 år

Søndag 3. oktober er det så å seie akkurat 175 år sidan Klepp-kyrkja vart vigsla, og vi markerer dette med ei flott feiring av den oppgåande 175-åringen.



Jubileumshelsing

Andre kan sikkert fortelje meir om bakgrunn for både bygging og plassering av kyrkja, men eg ser for meg at dei som fekk vere med å bygge Klepp kyrkje var stolte. Stolte av plassen sin og stolte av det dei trudde på. Når ein går ut frå kyrkja og ser utover havet i den eine retninga og bygda i den andre er det lett å tenke seg at dei den gongen hadde eit ønske om at kyrkja skulle vere i sentrum og at den derfor vart plassert akkurat der.

Kyrkja er med oss gjennom livet. Frå me er små og blir døypt, gjennom ei rotete og somme tider frustrerande pubertetstid, når me gifter oss og til slutt den dagen me ikkje er her lenger. Ei kyrkje er meir enn ein bygning. Under Covid19 - pandemien er det mange av oss som for første gong har fått erfare ei stengt og tom kyrkje, det kjennes feil. Ei kyrkje skal være full av liv, men òg ei tom kyrkje rører noko i oss. Det er ikkje berre menneske som gir liv til ei kyrkje.

175 år er lenge, det er ikkje alle som får oppleve å bygge ei kyrkje, men no nærmar det seg snart byggjestar for ny soknekyrkje i Klepp. Når me no vel å flytte kyrkja ned til det som blir det nye sentrum i Klepp er det med dei same tankane som for 175 år sidan, me ynskjer å ha kyrkja i sentrum, fysisk og i livet.

Gratulerer med 175 års feiring og vel møtt til feiring av ny kyrkje når den står ferdig!

Magnus Bjørkavoll-Bergseth
- soknerådsleiar

Jubileumsutstilling

Fotohistorisk forteljing om Klepp-kyrkja som viser utviklinga av kyrkjebygget og området rundt. Dei eldste biletene er frå 1905, og tekne av K. K. Kleppe, Wilse og Widerøe. Utstillinga er utanfor kyrkja, og vert stående her i fleire år.



Torsdag 30. september kl. 19.00 vert det Kyrkjehistorisk kulturkveld.



Smakebiter fra Klepp kirkes interiør; en altertavle, et epitafium og en hestehandel.

- Ved Anne Ytterdal, malerikonservator ved arkeologisk museum.

- Klepp kirke har fremdeles inventar bevart fra 1600-tallskirken. Historiske skatter som henger der uten at så mange lenger kjenner historien om

dem. Kirken hadde den gang komplett interiør fra renessansen, en periode hvor kunstnerne i Rogaland var så dyktige at det har gitt navn til en egen kunsthistorisk stilretning; Stavangerrenessansen. Kun altertavlen er i dag bevart.



Klepp kyrkjehistorie gjennom 1000 år på 30 minutt.

- Ved Inge Særheim

- Inge Særheim, professor/språkforskar legg ut om der han vil setta jubileet inn i ein historisk samanheng



Fra gamlekirken tok man også med seg et epitafium, en minnetavle over Engel, konen til sogneprest Godtsen, som døde i 1724. At det er en kvinne som er hedret med egen minnetavle er ikke så vanlig.

I kirkens interiør henger også et maleri fra 1927 – eller rettere sagt en kopi av et 1600-talls maleri forestillende Abigael møte med David. Kopien er alt kirkens interiør har igjen etter at maleriet ble ervervet i en museal hestehandel på 1800-tallet og en ny hestehandel mot en gravemaskin hundre år etter. En utrolig historie!

Musikk

- Ved Silje H. og Ola Sotnakk.



Søndag 3. oktober vert det jubileumsgudsteneste kl. 11.00

- Biskop, prost og ordførar vil vere til stades.
- Søndagsskule.
- NRK vil gjera radiooppptak, og gudstenesta vert sendt på NRK P1 og NRK P1+ søndagen etter, 10. oktober, kl. 11.03
- Det vert kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Torsdag 7. oktober Torsdagstreffen kl. 19.30

Leif Johannes Netland spiller og synger. Boller i etterkant.



Fredag 8. oktober Tweenssamling kl. 14.30-16.00

Vi feirar kyrkja sin 175-årsdag med bursdagsfest i Klepp kyrkje. Denne dagen flyttar vi samlinga frå stasjonsbygget opp til kyrkja. Vi arrangerer bursdagsfest og får lært litt meir om jubilanten.

Vi følgjer gjeldande smittevernreglar, og kor mange som kan samlast kan endrast på kort varsel.

Gudstenester

Klepp Kyrkje

(Endringar kan førekoma - følg med i Jærbladet og på heimesida)

26.09 kl. 11.00

Generasjonsgudsteneste. Hausttakkefest. Just Salvesen

26.09 kl. 13.00

Dåpsgudsteneste. Just Salvesen

03.10 kl. 11.00

Jubileumsgudsteneste. (NRK Radio).
Just Salvesen, prost, biskop.

10.10 kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd. Harry Waldeland

10.10 kl. 19.30

SPOR. Gudsteneste med og for ungdom i alle aldre

17.10 kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes

17.10 kl. 13.00

Dåpsgudsteneste. Åsmund Steinnes

24.10 kl. 11.00

Generasjonsgudsteneste. Utdeling 4-års bok.
Just Salvesen

31.10 kl. 11.00

Temagudsteneste. Nattverd. Just Salvesen

31.10 kl. 13.00

Dåpsgudsteneste. Just Salvesen

07.11 kl. 11.00

Gudsteneste med nattverd. Allehelgensdag. Just Salvesen

07.11 kl. 18.00

Minnegudsteneste for alle som har mista nokon det siste året. Namn på gravlagde i Klepp blir opplest. Open kyrkje frå kl. 17.00. Just Salvesen. Ingelin Hatteland Norbakken

14.11 kl. 11.00

Temagudsteneste. Nattverd. Åsmund Steinnes.
Kjell Aanensen taler.

14.11 kl. 19.30

SPOR. Gudsteneste med og for ungdom i alle aldre

21.11 kl. 11.00

Diakonigudsteneste. Just Salvesen.
Ingelin Hatteland Norbakken

21.11 kl. 13.00

Dåpsgudsteneste. Just Salvesen

Bore kyrkje

Følg med via informasjonskanalane til kyrkja for eventuelle endringar. Ønsker du å abonnere på Bore kyrkje sin infomail kan du sende namn og mailadresse på SMS til 948 69 841.

26.09.

Gudsteneste med dåp. Lovsongsbandet deltek.
Hausttakkefest. Ivan Fjeld. Offer til Israelsmisjonen.
Søndagsskule.

03.10.

Familiesamling kl.11:00 v/ressursgruppe.
Kveldsgudsteneste kl.19:00 med nattverd.
Ivan Fjeld. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

10.10.

Ikkje gudsteneste.

17.10.

Gudsteneste med dåp. Ivan Fjeld.
Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

24.10.

Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok.
Ivan Fjeld. Offer til KRIK.

31.10.

Gudsteneste med nattverd. Lovsongsbandet deltek.
Ivan Fjeld. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.

07.11.

Familiesamling kl.11:00 v/ressursgruppe.
Kveldsgudsteneste kl.19:00 med nattverd.
Ivan Fjeld. Offer til misjonsprosjektet.

14.11.

Familiegudsteneste på menighetsweekend (Ognatun).

21.11.

Familiegudsteneste. Lys Vaken. Ivan Fjeld.
Offer til Tro og Medier.

Orre kyrkje

(Alle gudstenester starter kl. 11 og Jarle Minnesjord er prest dersom anna ikkje er oppført. Endringar kan førekoma – følg med i Jærbladet og på heimesida.)

03.10.

Gudsteneste med dåp. Tårnagentane deltek.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.10.

Gudsteneste med nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

31.10.

Familiegudsteneste med utdeling av bok til 4-åringar,
søndagsskulen, 123-spira og Lykkeliten.
Offer til søndagsskulen på Orre.

07.11 kl. 19.00.

Minnegudsteneste for alle som har mista nokon det siste året. Namn på gravlagde i Orre blir opplest. Lystenning.
Open kyrkje frå kl. 18.00.

14.11.

Gudsteneste med nattverd. Prost Lars Sigurd Tjelle deltek.
Offer til MHS Vid.

*Endringar kan
førekoma på alle
oppsett. Følg med i
Jærbladet og på
heimesidene.*

Minnegudsenerster
Allehelgensdag - Søndag 7. november

Bore kyrkje: kl. 19.00 (for Bore sokn)
Orre kyrkje: kl 19.00 (for Orre sokn)
Klepp kyrkje: kl. 18.00 (for Klepp og Frøyland og Orstad sokn)

I dei ulike kyrkjene vil namn på avdøde det siste året bli lest opp, og det blir tent lys.

Det vert open kyrkje ein time i forkant

Velkommen!

Tekstane

18. søndag i treenighetstiden
26. september
1 Kong 8,41–43 Rom 15,25–33 Matt 8,5–13

19. søndag i treenighetstiden
3. oktober
5 Mos 30,11–15 Rom 2,13–16 Joh 7,14–17

20. søndag i treenighetstiden
10. oktober
1 Mos 2,18–25 Ef 5,31–33 Mark 10,2–9

21. søndag i treenighetstiden
17. oktober
5 Mos 15,7–8.10–11 1 Joh 3,16–18
Luk 16,19–31

22. søndag i treenighetstiden
24. oktober 2021
Ordsp 6,20–23a Fil 2,1–4 Joh 12,35–36

Bots- og bønnedag
31. oktober
Jes 59,1–4 1 Joh 1,8–2,2 Luk 18,9–14

Reformasjonsdagen
31. oktober 2021
A Salme 46,1–8 Rom 1,16–17 Joh 1,16–17

Allehelgensdag
7. november
Salme 84,2–8 Hebr 12,1–3 Matt 5,13–16

25. søndag i treenighetstiden
14. november
Salme 107,23–32 2 Kor 1,8–11 Matt 14,22–34

Domssøndag / Kristi kongedag
21. november
Job 28,20–28 Kol 1,9–14 Matt 25,1–13

Kyrkjene



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje

Frøyland og Orstad

På grunn av den nåverande smittesituasjon kan det skje endringer i våre gudstenester.

Endringer kan førekoma - følg med i Jærbladet og på nettsida: www.fok.no eller Facebookside for oppdatert informasjon.

26.09 kl 10.30
Gudstjeneste med nattverd. Tale Prost Lars Sigurd Tjelle.

26.09 kl 12.30
Dåpsgudstjeneste

03.10 kl 10.30
Gudstjeneste med nattverd. Tale Morgan Fjelde

17.10 kl 20.00
Kveldsgudstjeneste. Tale Oddny Hetland

24.10 kl 10.30
Gudstjeneste med utdeling av 4 års bok.

31.10 kl 10.30
Gudstjeneste med nattverd. Tale Morgan Fjelde

07.11 kl 10.30
Gudstjeneste med nattverd. Tale Helge Standal

07.11 kl 12.30
Dåpsgudstjeneste

21.11 kl 10.30
Gudstjeneste med innslag fra Lys Våken

De fleste gudstjenestene blir streamet på www.youtube.com/c/frøylandorstad

Forbehold om endringer av tidspunkter ut fra de til enhver tid gjeldende restriksjoner.



KYRKJESKYSS

Bore kyrkje
Ring kontoret
tlf. 51 78 95 55.

Klepp Kyrkje
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03



ARKITEKTFORSLAG - NY KIRKE

Her ser dere bilder av de 4 spennende arkitektforslagene som kommunen har mottatt og som nå vurderes av en jury på 9 medlemmer. Flere bilder er utstilt på kommunehuset.

I tillegg til kirken, inneholder forslagene nytt kommunehus med plass til bl.a administrasjon, kulturskole, storsal, bibliotek, frivillighetssentral, Axis, møterom og kantine. Kirkens kontorer skal flyttes til det nye kommunehuset. Det planlegges eget ungdomslokale for kirken i underetasjen.

Det er lagt opp til stor grad av sambruk, det vil si at menigheten skal bruke andre rom i kommunehuset og at andre skal få bruke kirken sine lokaler.

Juryarbeidet med valg av en vinner skal være klart i slutten av oktober. Parallelt med dette har prosessen med å velge en kunstner til utsmykking og liturgiske møbler startet. Det er valgt en egen kunstkomité på 5 medlemmer som skal arbeide i nært samarbeid med kunstkonsulent og den arkitekten som får oppdraget. Planen er å gjennomføre en anbudskonkurranse blant aktuelle kunstnere.

Etter at arkitekt er valgt vil vi gå i dialog med arkitekt om detaljene i bygget, og slik lage et grunnlag for entreprise for gjennomføring av prosjektet. Dette gjøres i nært samarbeid med kommunen.

Etter planen skal den nye kirken og kommunehus stå ferdig 1. april 2025

NB! For å realisere eget ungdomslokale i bygget, trenger vi å skaffe egne midler. De som vil bidra til dette, kan sette inn penger på konto til «Stiftelsen Klepp nye kyrkje», konto: 3290.52.71147

ARKITEKTFORSLAG



Alternativ

1



Alternativ

2



Alternativ

3



Alternativ

4

Nytt frå Stiftelsen Klepp nye kyrkje

Stiftelsen sitt mandat er å skaffa eigenkapital til den nye kyrkja. Mangfaldet i aktivitetar er stort, og svært mange gjer ein stor og trufast innsats.

«Vaktmeistrar» hos Klebe.



Kva er opp og
kva er ned på det
nye nettet underst
Magne.

Underteikna hadde ein prat med tre av dei som gjer ein trufast innsats, Magne Gjesteland, Hans Theis og Arnfinn Tveita. Ein til to gonger i månaden stiller dei på Klebebanen og på Kleppbanen. Her utfører dei nødvendig vedlikehaldsarbeid. Til saman er det 35 fotballmål som skal kontrollerast og skiftast nett på når det trengst. Kvart nett er festa med mange klips der snor skal klippast og så festast på det nye nettet. Dei har og ansvar for tribunen og for å plukka boss. Dei fortel at arbeidet fort tar 3-4 timer kvar gong, alt etter kor mykje som må fiksast. Og som ein av dei sa, «til saman blir me gode». Elles opplevde dei det godt å sjølv kunna styra dugnadsdagane, -og enda til kunna ta omsyn til veret!



Hans og Arnfinn i arbeid med å
skjera snora av alle klipsa

Dugnaden er ei god inntektskjelde til den nye kyrkja. Så mange takk til innsatsen!



Her blir det mange
trille-turar - til Mega,
Elkjøp, Obs bygg og
Rusta

Rydding og trilling av handlevogner på Jærhagen.

Neste dugnadsgruppe kan nok ikkje ta omsyn til veret. Når me kjem til Jærhagen ved opningstid, så tar me det som sjølvsagt at me finn handlevognene der dei skal vera. Men ved stengetid står det vogner både her og der. Og nokon må få dei på plass der dei høyrer til. Denne oppgåva blir øg utført av ein dugnadsgjeng til inntekt for den nye kyrkja. Dugnadsgruppa består av ca 25 personar som skiftar på å trilla vognene på plass, etter ein oppsett turnus. Kvar tidleg kveld stiller ein person opp og utfører dette arbeidet. Bjarte Hodne var på «jobb» den kvelden eg var der. Han sa at det blir omrent ein kveld i månaden på kvar, og arbeidet tok 1 ½ til 2 timer. Som biletet viser blir det ofte turar til mange butikkar frå ein vognstasjon. Det var grei trim for den dagen!

Takk til alle de som er med på denne dugnaden for å realisera den nye kyrkja.

Nordsjøriktet

blir arrangert laurdag 11. september.

Mange er engasjert og har svara ja til ulike oppgåver i samband med dette.

Nytt & Brukt

held fram med opningstid tysdag og torsdag ettermiddag og dagtid laurdag. Laurdagane i september blir butikken på Jærhagen, i same lokale som i vår. Laurdag 6. november kl. 11-14 blir det julemarked på Stasjonsbygget.

Stasjonsbygget

Du kan leige den store salen i Stasjonsbygget, med evt tekjøkken, til selskap og arrangement. Ta i tilfelle kontakt med Oddgeir Myrstad, SMS til 959 38 830 eller e-post, oddgeirm@gmail.com

Kunstkalenderen

Gevinsten for mai gjekk til lodd 368



Signe Torun Vestly Sviland

Juni til lodd 376



Anne Marit Opstad

Juli til lodd 436



Ragnhild Idland


August til lodd 390



Anne Marit Opstad

Alle vinnarane er kontakta.

Kjellaug Marie Steinskog



ÅRLIG MARKERES
VERDENDAGEN
FOR PSYKISK HELSE
10. OKTOBER

Tema:

Livet under og etter en pandemi. Følg opp!

Vær oppmerksom. Vær tilstede. Følg opp.

Alle har en psykisk helse som vi må forholde oss til og arrangementene i Klepp er åpne for alle.

Det blir ulike markeringer rundt i kommunen i uka før, så følg med på oppslag og publiseringer.

Verdensdagen er med å bryter ned tabu og skam, kan gjøre det lettere å dele tanker og utfordringer med andre og er med på å skape et varmere og mer inkluderende nærmiljø.


TORSDAGSGUDSTENESTE & TORSDAGSTREFF

Ein torsdag i månaden er det ei enkel gudsteneste i Klepp kyrkje kl. 19.30.

Alle som ønsker å delta i eit inkluderande fellesskap er hjarteleg velkommen!

Dataar for hausten 2021:

7. oktober, 28. oktober og 25. november



Kveldsbøn

Velkommen til
kveldsbøn og fellesskap
i Klepp kyrkje

Me inviterer deg til å gje deg sjølv den gåva det er å vera stille i kyrkjerommet.

Dataar for hausten 2021:
04. oktober, 01. november,
06. desember.

1. mandag i månaden
mellan kl. 20 og 21
er kyrkjedøra open.

- Roleg musikk
- Tid til ettertanke og bøn
- Felles avslutning og velsigning



Flott dåpskjole til utlån

Dåp har en lang og god tradisjon i landet vårt. Mange opplever det som en fin merkedag med høgtid og fest.

Dåp er viktig for oss i kyrkja, og at dåpen er for alle.

Dåpen er gratis i våre kyrkjer, og nå har vi dåpskjole til utlån om man treng det.

Ta kontakt med Ingunn D. Aandal på 51 78 95 55 for å avtale lån av kjolen.



Lørdag 23.10 arrangeres Haustmesså for 5. gang.

Vi håper å kunne arrangere messen som planlagt i vårt nye, flotte hus.

På messen selges mange flotte, hjemmelagde messevarer, gjærbakst, saft m.m.

Vi har også ved, egg og grønnsaker. Basar.

Følg med på oppdatert informasjon på vår Facebook-side: "Haustmesså Kleppe Bedehus"

Nabobønn inviterer til Inspirasjonssamling

på Bore bedehus, onsdag 28. oktober kl. 19.30

- Tale ved Liv Heidi Lie-Bjelland med temaet:
"Tro på bønn"
 - Litt sang og felles bønn.

Inviter gjerne med deg flere som dette kan være inspirerende for.

Alle er hjertelig velkommen!



Julemesse på Tu skule

Fredag 12. november og laurdag 13. november.

Fredag kl. 19.30.

Andakt ved Kjell Aanensen
Åresalg. Servering.
Messesalget åpner kl. 20.30



Laurdag kl. 11.00.

Messesalg. Åresalg. Kafe.

Laurdag kl. 15.00.

Basar. Andakt ved Lars Sigurd Tjelle. Åresalg.

Arr. Tu barneklubbar og Tu kvinneforening.



NÆRMERE INFORMASJON OM
PROGRAM KOMMER



Døypte



Slekters gang

KLEPP

23.05.Eskil Braut Håland
Pernille Edland Oen
Mathias Paulsen**30.05.**Leah Van Harten Folkvord
Lykke Lie
Liva Kro Lura
Mille Herigstad Sikveland**06.06.**Magnus Galland
Lukas Helleland Imingen
Kristoffer Emil Tjessem
Benjamin Storm Ueland**13.06.**Malwin Brage Rosland Berge
Hanna Helleland
Hailey Sophie Kolstø
Marianayagam
Vemund Ramstrøm
Milian Svanes Stokka**04.07.**Oda Barane
Viktor Kvia Modell**14.07.**

Thor Henrik Blicher Jørgensen

25.07.Siri Framnes
Ingrid Hodne**15.08.**

Astrid Severson Skjæveland

22.08.Celia Byberg Bekkeheien
Maja Torkildsen Friestad
Markus Hodne
Eva Johansson
Melvin Havsø Vigre**29.08.**Alexander Kaspersen
Matheus André Lund**BØRE KYRKJE:****04.04.**

Saga Seldal

02.05.Even Bore Nygård
Arian Odland
Hailie Ingvaldsen Vorset**13.06.**Luke Helmsgård
Olivia Celina Hole
Sandra Vaage Voll**11.07.**Tobias Hodne Harila
Zelda Leirvik Skjæveland**01.08.**

Oliver Vatne

22.08.

Emelie Seldal

29.08.Julia Emine Grude
Miriam Elea Grude
Kristine Hodne
Elisabeth Kåstad
Julian Sletten**ORRE KYRKJE:****13.05.**Emil Heng Foss (Orre gamle)
Klaus Pollestad (Orre gamle)**23.05.**

Othilia Salte-Sommerbakk

29.07.Aron Skotterud Erga
(Orre gamle)
Ragnar Okeyo Lode
(Orre gamle)**15.08.**Leonard Madland Erga
Andreas Haugland
Yasmine Helleren Viste**FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJE:****06.06.**Daniel Åbrekk
Olav Bjerga
Sara Byberg
Isak Folkvord
Ellinor Dahle Honoré
Kristian Simonsen
Levi Torsen**27.06.**Mia Borsheim Arntzen
Astrid Vrtis Furuseth
Edvin Ask Gudmestad
Leon Grude Henriksen
Sem Stiegler Vold**08.08.**Amelia Johansen Andersen
Eik Rismyrh Brekken

Vigde



Gravlagde

**KLEPP:**

- 05.06. Grete Erga og Anders Håland
12.06. Emilia Milla-Karoliina Suomalainen og Enevald Varhaug
Patrycja Klusek og Robert Meland
26.06. Anne Signy Tennebekk Nessa og Yngve Mofoss
10.07. Bodil Krogedal og Mohibullah Habibullah
21.08. Kate Elin Andersen og Erik Andersen

BØRE:

- 29.05. Svanhild Bore og Magne Nygård
19.06. Mari Strand og Jørgen Bjelland
24.07. Emmanouela Tsipi og Sindre Benjaminsen
07.08. Edel Djupevåg og Håvard Egeland

13.08. Monica Hovden og Per Einar Askildsen

14.08. Linn Sivertsen og Mats Vorkinn

21.08. Thea Marie Topstad og Jarle Køhn Skjæveland

28.08. Susan Gabriel Gerbasi og Trond Hermansen
Tone Nese og Lars Tveito**ORRE:**

14.08. Bente Håland og Kenneth Rege

FRØYLAND OG ORSTAD:

- 05.06. Silje-Marie Nærland og Aleksander Salte
03.07. Linda Stangeland og Roger Årvold
09.07. June Hauge og Lars Audun Bøen
28.08. Siri Tjelta og Erik Jensen

KLEPP

- 03.06. Gøran Steinsøy f.1994
03.06. Kari Hatteland f.1930
25.06. Ingfrid Horpestad f.1920
25.06. Helge Aron Bye f.1966
01.07. Marta Elfrida Lyshol f.1938
02.07. Otto Lunde f.1935
09.07. Mona Dahl Frøiland f.1957
13.07. Karen Byberg f.1932
15.07. Gunvor Steinsland Jensen f.1962
15.07. Wenche Soldal f.1956
16.07. Arne Hestnes f.1956
21.07. Kjell Jacobsen (bisetting) f.1972
23.07. Anne Håland f.1966
28.07. Ingebjørg Nese f.1924
03.08. Hanna Gude f.1932
05.08. Kurt Magne Cederløv f.1945 (bisetting)
11.08. Olav Nyrønning f.1945
12.08. Hilma Mina Egina Hegre f.1946
12.08. Ingrid Ranveig Håland f.1939
18.08. Bertha Kleppe f.1936

01.09. Osmund Dahl f.1962

01.09. Arne Refsnes f.1955

03.09. Liv Hildur Vambheim f.1940

03.09. Malena Arrestad f.1937

BØRE

- 01.06. Kåre Mollan f.1935
23.06. Krzysztof Jozef Kwiatkowski f.1977
24.06. Karoline Bore f.1932
16.07. John Arne Midtun f.1948
11.08. Gunnar Malmi f.1944
13.08. Solveig Gabrielsen f.1945
18.08. Mary Byberg f.1926
27.08. Kurt Magne Cederløv (bisetting) f.1945
31.08. John Sele (bisetting) f.1948

ORRE

- 02.06. Mats Wiig f.1993
04.06. Johan Pollestad f.1949



Klepp energi

1919 **100 år** 2019

VI LEVERER

altibox

**KLepp
TrafikkskoLe .no**

FARSTA D
catering

Seland Optikk
interlens
SANDNES · SOLA · KLEPP

NOVA

BEGRAVELSESBYRÅ
51 61 04 00 - døgnvakt
www.novabegravelse.no



WIIG maskin

REP AV LANDBRUKSMASKINER
4343 ORRE - TLF. 51428100
MOB. 91150314 - 98655414



**Leif Harbo
Maskinstasjon**

Fjogstadv. 105, 4352 Klepp, 95031724.

Hodne Gartneri
WWW.HODNEGARTNERI.NO

**Klepp
Fotklinikk**
Kari Tjåland Sandvik
Offentlig godkjent fotterapeut.
Kjelvene 31, 4352 Klepp
Tlf. 51 42 56 46

BRYNE RØRS
Skulegata 9, 4340 Bryne
Tlf: ☎ 51 77 82 00 Fax: ☎ 51 77 82 11
Internett: www.bryneror.no
E-mail: post@bryneror.no

**GRUDE
GARTNERI**

Brekkevegen 18, 4353 Klepp Stasjon. Tlf. 901 39 516

Blomsterkvæsten

Tlf. 51 42 74 00. Mail: Blomsterkvosten.kleppe@gmail.com

BR-BYGG
Nybygg og rehabilitering
mob. 908 70 412



**Hatteland
Elektriske AS**

Autorisert El- installatør
Tlf. 51 42 14 40
Fax: 51 42 14 41

KROGEDAL
begravelsesbyrå

Døgnvakt: 51972900 www.krogedal.no

Klepp Auto Bilverksted A/S

Kjepmannsbrottet 9, 4352 Klepp - Tlf. 51 78 60 60 - Fax 51 78 60 70

Godkjent for EU-kontroll

**VOLL
JuleTreGard**
En juleopplevelse på kjepet
www.voll-juletregard.no

Braut Planteskule

PLANTESENTER OG BLOMSTERBUTIKK

Jærenveien 559, 4352 Klepp. Tlf. 51 42 13 55

Treprosjekt
spesialinnredning og corian®

Treprosjekt AS Industriveien 4 4353 Klepp Stasjon Tlf. 51 78 66 80 F 51 78 66 81
Email: post@treprosjekt.no www.treprosjekt.no

3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Aase

Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTELEFON

FARGERIKE
lytt til erfaren fagfolk
FARGERIKE Bygg/Miljø
KK, Kleppenstr. 5, Klepp
Tlf. 51 42 14 44
www.fargerike.no
Maling • Tapet • Tepper • Gulvbelegg

Sele Auto as

Tlf. 51 42 32 73 Selevei 4, 4345 Voll

**Jæren
REGNSKAP**

Tlf: 51 78 66 50,
Block-gården, 4352 Klepp
post@j-regnskap.no
www.j-regnskap.no.

**DITT LOKALE
BYGGEFIRMA**

Grude Bygg driver med:

- Renovering av alle typer bygg
- Bygging av eneboliger/rekkehus, landbruksbygg, industribygg og barnehager

GRUDE BYGG
NYBYGG • PÅBYGG • REPARASJONER

Bedriftsvegen 35, Klepp st.
Tlf. 51 78 98 50 • Mob. 908 32 061
Post@grudebygg.no • www.grudebygg.no

 JÆRHAGEN

**Velkommen til
SHOPPING & OPPLEVELSER
på Jærhagen**

*Jillt
å sjå
deg!*

T
ADVOKATFIRMA

Tlf: 51 97 10 00
post@tpa.no

SANDVEN OG AASE
RØR AS

VESTLY TRANSPORT
ALT AV MÅSTALL HENTES GRATIS
SAV TRANSPORT OPPDRAG
RYSPING OG BORT KJØRING
SØPPEL KJØRING



Adresse: Isvegen 4, 4353 kleppst. / Mail: geir.vestly@kleppnett.no
TLF: 924 58 153

jæren
sparebank

Klepp Antirust AS

Kjøpmannsbråtet 8, Tlf: 51 78 66 90

nye
JÆREN
KABELNETT

Lokal
og
best
på pris

KA
KYVIK AUTO
BILSALG - KJØP - SALG - KOMMISJON

HODNE ELEKTRO AS
TLF: 41 27 26 92
- DIN LOKALE ELEKTRIKER -

MÅLTIDSGLÆDE SIDEN 1951
Håland
SLAKTERBUTIKK & EDESTÅVÅ

Slakterbutikk
Edeståvå
Selskapsmat
Pølsebuå
Arrangement

JÆRKLINIKKEN
KIROPRAKTOR PÅ JÆRHAGEN
NÅ MED HELGEVAKT
RING 48 22 74 22

Peking Garden
VI SERVERER KINESISK OG NORSK MAT
JÆRV. 563 – KLEPPE – 51 42 14 15

MØBELRINGEN
I.BJØRNSEN

Esso
Sele Servicesenter
Voll - tlf. 51 42 02 13
seleservicesenter.com

coop
Klepp

3% kjøpeutbytte
på alt du handler

coop mega
EXTRA
Obs BYGG

Jæren Kristne Bokhandel
Storgata 26, Bryne -Tlf. 404 30 467
e-post: post@jaerenkristnebokhandel.no

HORPESTAD
PLANTESALG

Roslandsv. 14, Tjøtta - Tlf. 900 13 744

Pål Hatteland
Orreveien 301
4352 Klepp
Tlf. 992 78 710
pal@palhatteland.no

K. Bertelsen
Maskin
Tlf. 917 61 633
kjartan@bertelsenmaskin.no

dinbruktbil.no

-Kjøp -Salg
-Utleie -Kommisjon

M&J EKSOTISK
Internasjonale dagligvarer
Solavegen 21 • www.facebook.com/MJEksotisk

Orstadvegen 128 A
4353 Klepp stasjon
Mob: 975 58 731
www.lieblikk.no

Mail: post@dinbruktbil.no - Mob: 950 52 700

Mekonomen
Bilverksted
Klepp Bilteknikk AS
Tlf. 51 78 66 80

LIE BLIKK
KVALITET – KUNNSKAP – KREATIVITET

Mekonomen
Bilverksted
Klepp Bilteknikk AS
Tlf. 51 78 66 80

TRUSOPPLÆRING

KLEPP • BORE • ORRE • FRØYLAND OG ORSTAD



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKJA

Trusopplæring i Bore

0 år	Babysong	Oppstart februar 2022
1 år	Spagettimiddag	Desember 2021
2 år	2-årsfest	Mai 2022
3 år	Søndagsskulebesøk	19. september 2021
4 år	Barnebibel	24. oktober 2021
5 år	Pinsebursdag	11. juni 2022
1. trinn	Dåpskule	Februar 2022
3. trinn	Tårnagenthelg	23.-24. april 2022
4. trinn	«Etter skuletid»	Oppstart 30. nov 2021
5. trinn	Tweens-helg	Utsatt!
6. trinn	Lys vaken	20.-21. Nov 2021
8. trinn	Newbie	Våren 2022
9. trinn	Konfirmasjon	Kontinuerleg
10. trinn	KonfReunion	Våren 2022

www.borekyrkje.no



NB! Endringer kan forekomme! Følg med på heimeside og facebook for oppdatert informasjon!

Alle i Bore sokn er velkomne på desse tiltaka!

Alle døypte, og andre interesserte som tar kontakt, får info i posten før eit arrangement.



Går du i 6. klasse?

Bli med på overnatting i Bore kyrkje 20.-21. november!



Trusopplæring Orre "Spira"

0 år	Dåp	Kontinuerlig
1, 2, 3 år	123 Spira gudsteneste	31. oktober
4 år	4 års bok	27. og 31. oktober
5 år	Legoklubb	Våren 2022
6 år	Klar, ferdig gå skulestart!	15. august
7 år	Dåpskule	Våren 2022
8 år	Tårnagenthelg	5. og 6. juni 2021
9 år	Aktivitetsfredag	17. september
	Haustkakkefest	19. september
10 og 11 år	Lys Vaken	27. og 28. november
11 – 13 år	Betweens	Hausten 2021
14 år	Konfirmasjon	Informasjon sendes ut i mars.
16 år	Byggje bru	Vinteren 2022



Alle døypte i aldersgruppa som bur i Orre sokn får invitasjon i posten.

Ungdomsklubb i Orre kyrkje

Kvar onsdag i partalsveker
kl. 19.00 – 21.00.
Frå 8. klasse og oppover.



ORRE KYRKJELYD

Trusopplæring Klepp sokn "Stein på Stein"

0 år	Babysong	oppstart 30.08.2021
1 og 2 år	Småbarnssong	oppstart 15.09.2021
3 år	Sauesamling	vår 2022 (2019-kullet)
3-6 år	Knøttekor	kontinuerlig
4 år	4-års-bok	18. og 24. oktober
5 år	Barabbassamling	vår 2022 (2017-kullet)
1. steg	Dåpskule	kontinuerlig
2. steg	Miljødagen	november 2021
3. steg	Tårnagenthelg	vår 2022
5. steg	Friluftsdag	september/oktober
6. steg	Lys vaken	november 2021
8. steg	Newbie	vår 2022
9. steg	Konfirmasjon	kontinuerleg
10. steg	Follow Me	kontinuerleg
og oppover		

Restriksjonar og smittervermtiltak endrar seg stadig, det kan difor skje endringar på kort varsel.

Invitasjon kjem i posten når det nærmar seg.

Følg med på heimeside og Facebook for oppdatert informasjon.

Spørsmål? Ta kontakt med:

Andrea Bjørkavoll-Bergseth,
trusopplærar (0-5 år)
Mail: andrea.bjorkavoll-bergseth@klepp-kirken.no • Mobil: 414 53 395

Anette Dagfinrud Thorsæt,
trusopplærar (6-12 år)
Mail: anette.dagfinrud.thorsæt@klepp-kirken.no

Liv Heidi Lie-Bjelland,
menighetspedagog (13 år og oppover)
Mail: liv.heidi@klepp-kirken.no
Mobil: 948 02 264

Trusopplæring Frøyland Orstad

0-1 år	Babysang
3 år	Ettermiddagssamling og utdeling av skattkiste
4 år	Ettermiddagssamling Utdeling av Barnebibel på gudstjeneste
4 år - 4. kl.	SAFARI kor
2. kl. - 4. kl.	SAFARI dans (begrenset antall plasser)
1. kl.	1.klasseklubb – 4 samlinger rett etter skoletid
3. kl.	Tårnagenthelg
4. kl.	4.klasseklubb – 4 samlinger rett etter skoletid
6. kl.	Lys våken
5. kl. - 7. kl.	F2 – fredagsklubb for tweens
	Facebookside: «F2 – Frøyland Orstad Kyrkjelyd».
5. kl. - 7. kl.	SoulChildren – Kor
8. kl. - 10. kl.	Soul Teens – Kor
8. kl. og oppover	FOKUS – ungdomssamling
9. kl.	Konfirmant
10. kl.	Konfirmanttreunin
10. kl. - 1vgs	K2

Vår nettside: www.fok.no

Torsdager kl.10.00. Oppstart 9.sept. Påmelding på vår nettside.
Neste utdeling er våren 2022

21. oktober 2021

24. oktober 2021

Tirsdager i oddetallsuker kl.17.00 – 18.00. Oppstart 31.august.

Tirsdager i oddetallsuker kl.18.15 – 19.00. Oppstart 31.august.

Januar og Februar 2022. Invitasjon kommer i posten.

Mars 2022 - Invitasjon kommer i posten og på nettsidene våre.

Feb.-April. 2022. Invitasjon kommer i posten.

20-21.november 2021. Invitasjon kommer i posten.

Fredager i oddetallsuker: Oppstart 3.sept.

Mandager i partallsuker kl.19.00 - 20.00. Oppstart 6. september

Mandager i partallsuker kl. 20.15 - 21.30. Oppstart 6. september

Fredager i partallsuker kl. 20.00. Oppstart 27. august

Info på www.fok.no/konfirmant

Onsdag 6. oktober kl.19.30

Info kommer på våre nettsider i løpet av oktober 2021.



BORE BARNEKOR

Alder: 4 – 8 år (ca)
Tid: Måndagar kl. 17.15 – 18.00
Stad: Bore kyrkje

Me skal synge, leike,
spele på rytmeinstrument,
høyre Bibel-historiar m.m.

Foreldrekaffi på kyrkjeloftet under øvingane.

Inga påmelding!
VELKOMMEN!



Velkommen til dåp i kyrkjene i Klepp

Dåpen er ei feiring av livet og me ønskjer foreldre
og barn velkomne til denne feiringa i våre kyrkjer.

I mange år har kyrkja fått fødselsmeldinger fra Folkeregisteret når medlemmar har fått barn. På grunn av endring i Folkeregisterlova (personvern – GDPR), er dette ikkje mogleg lenger. Invitasjon kjem ikkje difor i posten framover. Foreldre til små barn/eldre barn som vil døypast, må sjølv ta kontakt med den lokale kyrkja og meld opp til dåp.

Dette kan gjerast enkelt via kyrkja si heimeside:

- www.borekyrkje.no
- www.kleppkyrkje.no
- www.fok.no
- www.orre.kyrkjelyd.no



Rettar for alle døypte:

- Som døypt får ein medlemskap i Den norske kyrkja
- Døypte blir invitert til trusopplæringsarrangement fram til 18 år
- Døypte kan konfirmerast i kyrkja
- Døypte kan vera fadder for andre
- Døypte har stemmerett ved kyrkevalet


FORENINGER OG LAG

**Verdalens Normisjonsforening
har møte hos:**

- **Marit Lauvskar 18. oktober**
- **Andrine Homme 29. november**



Kirkens SOS trenger **flere** frivillige!



Innføringskurs i februar og september
Mer info på FB og kirkens-sos.no/roqaland




- et sted for frihet og forandring

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på
tlf: **467 46 670**
eller e-post:
fermaterogaland@badeog.net

Et samarbeid mellom
Bethaniastiftelsen, Diakonova
og Normisjon.

Besøksadresse:
Fermate Rogaland, Oalsgt. 2,
4319 Sandnes



Eg trur det.....



Eg trur det seier eg og andre relativt ofte til dagleg når me snakkar; når eg trur noko, antar noko, ikkje er heilt sikker. Andre gonger kjennes uttrykket eg trur det, meir pompøst og mange hakk for stort ut for meg. Kva er det med denne frasen, eg trur det? Er det noko eller er det berre tre vanlege ord?

I daglegtalen tenkjer eg ikkje så mykje på når eg seier dette, det er blitt ein del av meg og måten eg snakkar på. Men om nokon spør kva eg meiner eller på andre måtar kommenterer, kan innhaldet bli noko anna, men er det i grunnen nokon skilnad?

For om eg seier eg trur det, er det ikkje akkurat det eg meiner? Eg undrar meg.... For om nokon spør meg; trur du på Jesus, på Gud, på at det finnест ein himmel, då kan det fort skje at samtalen ikkje går så kjapt og laust som tidlegare. Eg har hatt mange samtalar om tru, tvil og beskjeden tru. Ikkje skjeldant startar den eg snakkar med å seia et eg trur ikkje eller eg er ikkje religiøs. Og så følgjer ei kort historie om livet og trua i livet til den andre med innslag av at dette kan jo ikkje vera nok eller godt nok for å kvalifisera seg til å tru. I Bibelen blir tru samanlikna med eit sennepsfrø og ein surdeig (ja, det står om dette òg i Bibelen, Luk 13, 18-20). Eit av verdas minste frø eller ein liten deigklump som kan gjer meg mange og store brød. Her er det ikkje størrelsen eller kvaliteten det kjem ann på, litt er nok.

Så, kva er då tru? Noko eg ikkje kan sjå, kanskje ikkje forklare heilt ut. Ein slags tillit eller noko som berre er der. For nokon er tru det same som håp eller kjærleik. For andre er det bønn eller omsorg, der eg gjer eller tek imot gode handlingar frå andre. Og slik kunne eg og du ha fortsett saman. Og kanskje er det difor me ser på tru som utfordrande å seie noko om, nokon gonger kan den kjennast synleg og sterkt, andre gonger er det noko personleg, av og til uforklarleg, som ein skatt gøynt inni meg.

Eg trur. Eg trur på Gud. På Gud som bryr seg om meg og heile livet mitt, frå den minste til den største ting som eg er og som skjer i livet mitt. Eg trur på Gud som er nær meg, som bryr seg, som viser omsorg, som eg kan be til og snakka med, som passer på meg, som elskar meg, som han er stolt over, som lar meg få vera meg i møte med han. Eg trur Gud er Gud for oss vanlege menneske.
Eg trur det!

Ingelin Hatteland Norbakken
Diakon